

Årsmelding 2007

Jutulheimen

I året er taket på Haugøystabburet reparert ved at det er lagt ny papp på eine sida. Parkeringsplassen er utbetra og utvida ved at det er pålagt masse som er planert og grusa. I mai var det raking, rydding, måling, oppretting skigard, haugging og klypping av kratt. Styret rettar ein stor takk til alle som har vore med på dugnader.

I 2007 kom krav om stor auke av festeavgifta for arealet i Jutulheimen, før har avgifta vore kr 135,- pr. år. Det er Statskog som forvaltar grunneigarretten på vegne av Opplysningsvesenets fond. Regulering av festeavgifta er grunngeve med verdiauke av tomta. Styret har vist til at det ikkje har vore verdiauke og at det vil verke svært urimeleg å rekne det store arealet utanom der bygningane står som tomt. Området kan neppe brukast til tomter, i kommunedelplan er området nemnd som bygningar m/særskild allmennyttige formål. Festekontrakta frå 1957 set som vilkår at det ikkje blir lov å føre opp bustader og i samband med at Jutulporten er rekna som automatisk freda kulturminne er eit stor område av Jutulheimen bandlagt for å bli områdefreda.

Jutulheimen har vore mykje utleid til bryllaup og liknande i året som har gått, og mange har såleis fått sett og opplevd dette fine anlegget. Største eige arrangementet i 2007 var feiringa av jubileet for Jutulheimen. Vi siterer Ola Grøslund i sagt og skrivigjennom ti'in: "Den 11. august markerte Vågå historielag at 50 år er gått sidan opninga. Musikkforeiningane frå Lalm og Vågå gjekk i spissen for eit folketog, som rett nok ikkje talde så mange. Litt regn får ta noko av skulda for det. Derimot var over 100 til stades oppe i Jutulheimen der det var eit program i tunet framfor Sundstugu. Kristian Sveen framførte prologen han las for 50 år sida, og ellers var det festtale ved Arnfinn Engen. Ola Grøslund prata om historia til Jutulheimen, og musikkinnslaga var ved Lalm musikkforeining og Vågå spel- og dansarlag. Mange sette òg pris på å sjå eit filmopptak frå opninga i 1957. Etter at Vågå historielag hadde spandert mat og drikke på dei frammøtte, var museumet ope for omvising. Mange nytta da høvet til å sjå dei rikhaldige samlingane med både kunst, bruksting og våpen. Her er det mykje artig og interessant, så mange fleire burde nytte høvet til å setja seg inn i noko av historia til bygda".

På årsmøtet i april vart filmen "Fant Anne" vist, denne vart innspela på Gardsøy i 1920. Ellers hadde historielaget kveldsseto i oktober der Knut Arild Teigum viste fram og prata om gamle våpen, dette var eit svært interessant foredrag. I desember var historielaget med da Museet i Nord-Gudbrandsdal MiNG hadde arrangement for elevane på Vågåmo skule. Nær 100 var til stades og m.a. hørde Kristian Sveen fortalde om jul i gamle dagar. MiNG hadde også eit svært vellykka arrangement i november om folkemusikk i Ottadalen der Ola Grøslund fortalte medan Leif Inge Schjølberg og Nina Furuli spelte. Tord Buggeland har fotografert figurmåling i Jutulheimen, han skal gje ut bok om dette emnet. MiNG er i ferd med å fornye registreringa av gjenstandar i Jutulheimen, slik at dette kjem inn i ny database.

Vågå historielag har ved fleire høve stilt opp som omvisarar med mange besøkande, men det er Museet i Nord-Gudbrandsdal MiNG som skal ha ansvar for omvising og museumsdrift. Sommaromvisinga til MiNG vart innskrenka til 3 veker med besøkstal 95. Styret har hatt ein prosess for å få større aktivitet i Jutulheimen, og har gjennom dette hatt mykje korrespondanse og møter med MiNG der vi har gjeve uttrykk for at vi i samarbeid kan få til meir. Dette har resultert i at MiNG har gjeve uttrykk for å ville arbeide meir for Jutulheimen. Likeeins har det vore dialog med Vågå kommune med oppfordring om å bruke Jutulheimen meir, med meir samarbeid mellom MiNG, kommune og historielag vil Jutulheimen vera ein ressurs for Vågåbygda. Styret har gjort vedtak om at Vågå kommune skal ha fri bruk av Jutulheimen for arrangement som er i kommunal regi. Styreleiaren i historielaget er samtidig Vågå kommunes representant i interimstyret for ny museumsorganisasjon i Gudbrandsdalen., og har spesielt peikt på at det er nødvendig å ha ein desentralisert organisasjon der det er tilstadeverande representantar ved dei ulike musea. Styret i Vågå Historielag har stilt seg positive til framlagte avtaleutkast i denne nye driftsorganisasjonen Gudbrandsdal Museum as som skal overta etter MiNG.

Prestgarden

Paktarbustaden er bortleid som bustad medan låven, eldhuset og del av fjoset er bortleid til lager. Øvre høgda av låven vil bli teke i bruk til lager/utstilling av landbruksreidskap. I året har det vore ein del mindre vedlikehald med m.a. ny utvendig kjellarlem på hovudbygningen og nye glasruter i eldhus og paktarbustad. Skjema om tilstanden til dei freda husa er sendt til fylkeskonservatoren. Det er søkt om tilskot til restaurering av stabbur m/klokketårn, aurbu og vognskjul.

Andre eigedommar

Nedste stokken på kvilingsfjoset i Randsverk har vore i ferd med å sige ned i jorda, det er i året grave frå jord slik at forfallet er stoppa. Men det er behov for å jekke opp fleire lafter for å rette opp att bygningen slik at ikkje stokkane ligg nedpå jord. Pulløybua er bortleid som anneks til bua ved sida av. Jo Gjende-bua har omvisning ein kveld i veka om sommaren, det er Gjendesheim som står for dette.

Laget ellers

Frå årsmøtet 26.4.2007 har styret vore dette:

| | | | |
|------------------------|--------------------|------------------------|-------------------|
| <i>Knut Raastad</i> | <i>styreleiar</i> | <i>Ivar Aasgaard</i> | <i>varamedlem</i> |
| <i>Georg Gjevre</i> | <i>nestleiar</i> | <i>Sigmund Ryen</i> | <i>varamedlem</i> |
| <i>Reidun Sønsteli</i> | <i>styremedlem</i> | <i>Inger Gundersen</i> | <i>varamedlem</i> |

Årsmøtet gjorde vedtak om at dette året skulle også varamedlemmane fungere som styremedlemmar. Det har i året vore sju styremøte. Laget har 441 medlemmar.

Høvelbenken etter Ola Eide er innkøpt for å ha til felemakarverkstaden. Frå Klones v/Ivar Vistekleiven har historielaget fått ljusbilder om vatning etter Otto Runningen. Bygdakvinnelaget har gjeve nye dukar til Jutulheimen.

For å styrke økonomien har styret overteke kasserar- og rekneskaps-oppgåver som det før har vore leid til, og forsikringa er delt i to terminar som gjer at kostnadsført forsikring i 2007 er halvdelen av normalår. Årets overskot dekkjer fyrst og fremst opp underskot året før, og bankkonto for drift er oppe att på nødvendig nivå.

Styret takkar Vågå kommune, andre samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2007.